

HYRDINGEN



NR. 1

Februar 2017

ÅRGANG 59

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Det var mange flotte kyrkjeconserter i årets siste månad.

Dette biletet er av koret Scala sin konsert i Vikebygd.

Sjå side 4

Sideoversikt:

Presten har ordet	2
Bladpengar	2
Redaksjonspennen	3
Å, takk min Gud	3
Julekonsert	4

Murane	4	Frå kyrkjboka	9
Søndagsskuleshow	5	Gudstenes	10
Kven er Gud?	6	Møter og kunngjeringar	11
Gullkonfirmantar i Vats	7	Luther jubileum i kyrkja	12
Takk til Ingvald Eikje	7	Jul på landet	12
Arrangement og kunngjeringar	8	Jens Tveit 80 år	12



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049
Adr. Skjold kyrkje
Postboks 6, 5574 Skjold
Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Vikarprest Olav Kristian Tangeland
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf 53 65 65 41 / 926 86 729
Kontortid: Tysd:10-12, Torsd: 14.30-16
Fred: 10-12

Soknepresten i Skjold

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje,
Pb. 6, 5574 Skjold.
Tlf. 53 65 57 94
Mobil: 932 45 645
jon.adnøy@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,
Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal
Mobil 413 25 280

harald.eintveit@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00

Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019

Prostiprest Eldbjørg Andreassen:
Mobil: 952 46 234

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd:
Kari Synnøve Velde Haugen
Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes
Sandeid: Tore Tokheim
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Grete Skeie Sørhus

Presten har ordet

Olav Kristian Tangeland
Prostiprest i Haugaland prosti



«Framtid og von»

Me er allereie nokre få veker inne i det nye året. Å helsa kvarandre med eit "Takk for det gamle" og "Godt nytt år" som me gjerne gjer når me går inn i eit nytt år, er helsingar som ber mile-pålar med seg. Me legg bak oss det som var og me går mot det nye, det ukjente. Nokre av oss møter det ukjente med forventning, andre ber på ei forteljing som ikkje skaper forventing, men heller ei haldning som "me får venta og sjå". Året som gjekk blei ikkje det ein hadde håpa. Nokre opplevde sjukdom, andre sorg, og igjen andre kanskje arbeidsløyse, berre for å nemna noko. Samstundes, i byrjinga av kvart år har me ei tid i kyrkja som blir kalla for openberringstida. Det er tida i heile januar månad og eit stykke ut i februar, fram til fastelavnssundag. Me les tekster som særleg fortel kven Jesus er og som syner oss Guds riket sitt nærvær hjå oss.

Frå Jeremiaboka, 29,11 les me fylgjande: **"For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk framtid og von."** Dette var ord som profeten kom med til Israels folket då dei var i eksil i Babel. Folket hadde vendt seg frå Gud og no opplevde dei seg forlatne av Han. Men bodskapen til Jeremia er at fol-

ket er ikkje gløymd av Gud. Han såg dei, og han akta å ta vare på dei på tross av deira liv og opprør mot Han. Denne lovnaden som folket fekk gjennom Jeremia, står fast, og den gjeld ikkje berre for det folket som Jeremia tala til, men det gjeld alle! Israel folket blei av Gud valde for at alle menneske på denne jorda skulle få den same vona og den same framtida som dei. Det var då Jesus, Guds eigen son, blei født til vår jord, at dette byrjar å bli oppfylt. Han er det som gjer oss fred med Gud. Han er det som gjer oss framtid og von. Ei av dei sterkeste orda som fortel om dette er ei tekst som me ofte les i gravferd og er ei av tekstane i openberringstida. Det er teksta frå Openberringa 21,1-6. Den fortel om Gud som kjem til oss. Gud som gjer alle ting nye, ved sonen sin. Den fortel om Gud som tek bort all vondskap, tek bort sorga me ber og pina me kjänner på. Den fortel om Gud som gjer oss glede og skaper fest fordi han har gjort oss heilage for at me skal være hjå han. Han skal bu hjå oss fordi me høyrer til hjå han.

Kva me skal koma til å oppleva i det nye året, det veit me ikkje, men framtida og vona som Gud har gjeve oss, står fast. Den kan ingen ta i frå oss!

Bladpengar

I dette nummeret av Hyrdingen legg vi med ein giro og oppfordrar alle til å nytta den til å betala bladpengar for 2017.

Beløpet kr 275,- pr. husstand er eit frivillig beløp. Vil du betala eit anna beløp, så er det mogeleg. Men vi er avhengige av bladpengane, som er hovudfinansieringa av kyrkjebladet både på papir og web. Desse gjer at vi kan halda fram med å senda bladet til alle heimane i Vindafjord. Bruk konto nr. 3201.53.18049

Redaksjons- PENNEN



Av Steinar Skartland


Året 2017 er eit jubileumsår for den Lutherske kyrkja vår. Det er 500 år sidan Luther hengde opp sine 95 teser på kyrkjedøra i Wittenberg i 1517. Dette var utgangspunktet for ein reformasjon som har leia fram til den kyrkja vi er kjend med her i bygdene våre. Samstundes er året 2017 også eit vegskilje, der vår Lutherske kyrkje ikkje lenger er ei statskyrkje. Nå skal den stå på eigne bein og den lutherske historia vert markert på fleire måtar gjennom året.

Det har vel alltid vore diskusjonar om korleis kyrkja skal vera og styrrast. Også i dag opplever vi sterke meininger frå mange hald. Val til Bispedømmeråd og kyrkjemøte er område vi har opplevd spenningar, og som gjer seg utslag i ynskje om å endra reglane for lister og val.

Men det er ikkje rett å samanlikna styringa av kyrkja med politisk styring der det er ulike parti. Om vi har ulike meininger må vi likevel ha som mål og ramme at vi skal kunna vera saman i ei kyrkje med takhøgd og breidde. Der Guds ord står sterke enn menneske sine meininger om ulike stridsspørsmål. Eg vonar at kyrkja kan haldast samla som ei folkekirkje i åra som kjem, også om det skal vera skilje mellom kyrkje og stat.

Kari Vik Stuhaug er tilsett som ny sokneprest i Ølen og Bjoa frå 1. mars. Vi ynskjer henne velkommen i denne tenesta og ser fram til høgtideleg innsetjing.

Vi ynskjer alle i sokna våre eit godt år.



Å takk min Gud for kvar ein dag eg får

Omtale om forfattaren ved Trygve Sandvik, Øvre Vats:

Dette diktet har kyrkjebladet fått oversendt frå Torleif Grimås som bur i Vikedal. Han fortel at han skriv mange dikt, særleg om vintrane då kveldane er lange og det er mykje innevær. Ikkje alle dikta er han nøgd med, men dette vart bra. Hyrdingen spør om det er noko spesiell bakgrunn for at han har skrive dette diktet, men det er det ikkje. Diktet skal vera eit vitnesbyrd om Frelsaren som ikkje har gløymt han. Torleif har i mange år vore ein kristen. I unge år, som det går fram av diktet, hadde han lita tid for Gud. Men etter som han vart eldre kom alvoret fram og han fann fred hjå sin Gud.

Torleif Grimås er 84 år, og har dri-



ve gardsbruk i Vikedal til han slutta av som pensjonist. Han har vore og er framleis, engasjert i laksefiske i Vikedalselva. På biletet framstår han som ein ivrig laksefiskar, og han undrast på om det er nokre laksefiskarar i Vikedalselva som er eldre enn han! Hyrdingen er svært takksam for diktet.

Å, takk min Gud

Av Torleif Grimås

Å, takk min Gud for kvar ein dag eg får,
du hjelper meg så eg sterk i trua står.
Å, takk min Gud som hjelpte meg i mange år,
når min veike kropp fekk så mange sår.

Å, takk min Gud, for du aldri slepte tak i meg,
når eg i mine unge år, ikkje hadde tid til deg.
Å, takk min Gud for du aldri opp meg gav,
når føler eg meg trygg, når eg Jesus har til støtte stav.

Å, takk min Gud, for all mi synd som du tilgi,
når føler eg meg glad i sinn, når eg frå all mi synd er fri.
Å, takk min Gud, for den gode fred eg får,
når dine ord meg trøystar, og fram til hjarta når.

Å, takk min Gud, når den siste dagen min er her,
då hjelper du meg gjennom denne dagen der.
Å takk min Gud, når eg er godt i hamn,
då sove eg så godt i Jesu namn.



Julekonsert med lokale talent

Arne Tveit (piano og keyboard), Even Larsen (trommer), Håvard Tveit (bassgitar), Helge Veastad (gitar) og songarane: Vegar Skartland, Sunniva Tveit, Iselin Eidhammer Tveit og Lina Fisk Eide.

Av Steinar Skartland

Folk gjekk ”mann av huse” for å få med seg eit allsidig og flott program på julekonsert i Vikebygd kyrkje laurdag 17. desember. Minst 230 store og små hadde funne vegen til kyrkja for å få med seg eit variert musikk og songutval framført av ei rekke lokale talentar, der nokre etter kvart har blitt kjende i eit større distrikt enn bygda. Dei hadde øvd i lang tid - og det for berre ein konsert. Truleg har det vore både inspirerande og kjekt med dei treffpunkta øvingane har vore i lang tid.

Dei song både kvar for seg og som

eit felles husorkester under konserten. Stor spennvidde i songvalet som dei hadde øvd på i fleire månader. Både med moderne og friske rytmar og dei med kjende tonar. Og det er ikkje julekonsert i Vikebygd utan at det dyktige korpset i Vikebygd stiller under leiing av Andreas Ulveraker. At så mange ulike lokale talent stiller opp gjer at dette vil vi ha med oss.

Konsert med Scala

Ei veke tidlegare fekk bygda oppleva ein konsert med koret Scala, frå Torvastad. 35 erfarne songarar, 10-manns orkester og dei tre dyktige, musikkutdanna solistane: Ole M. Velde, Isabel Espelid og sopra-

nen Solveig Lagos Jaziri, frå Nesna i Nordland. Dei ga ei uforgløymeleg oppleving for dei 55 som tok turen til kyrkja i Vikebygd den kvelden. Eit ståande og applauderande publikum ville ha meir då programmet var gjenomført og dei fekk fleire ekstranummer i konserten som varte i to timer.

Kor og solistar klarte å få god kontakt med publikum som responderte gjennom applausen etter kvart nummer. Det er ikkje daglegdags at vi får oppleve konsertar på dette høge nivået og kommentaren som gjekk igjen då folk tok på heimveg, var: - Dei gjekk glipp av nåke, - dei som sat hima i kveld.

Murane

Av Steinar Skartland

Folk i Vikebygd vil til kyrkje julafstan. Det er ein godt innarbeida tradisjon å fylle kyrkja klokka fire på julaftan. Og presten passar på å bli ferdig litt før klokka fem, slik at dei festkledde kyrkjegjengarane alt er komne ut på kyrkjebakken når klokene tek til å ringja jula inn.

Allereie ein halvtimes tid før gudstjenesta tok til vart benkene fylte opp i Vikebygd, og rekkja med bilar nådde heilt opp til fylkesvegen. Jo, ein lyst vera tidleg ute ein slik dag. Mange var nok komne heim til jul i ei bygd dei vaks

opp i, for å feira julekvelden med familie og venner i bygda.

Vikebygd held på tradisjonane. Ein av dei er «Skule- og Ungdomskorpset» som spelar under gudstenesta, både åleine og saman med kyrkjeorgelet som Arne Tveit handterte. Han hadde også med seg Helge Veastad på solo-gitar på eit par av musikkstykka.

-Eg har døypt korpset om til Familiekorps, kommenterte Brit Nelly Ness Tveit då ho som medliturg introduserte hornmusikken under leiing av dirigent Andreas Ulveraker. Her er både born, ungdom, foreldre og besteforeldre med.

-Nå må alle prikka i ryggen på den som set på benken framfor og ynskja God Jul, sa John Ådnøy. Og det løyste opp stemninga før preika. Med smil og latter vart det ynskt God Jul både framover og bakover før presten las juleevangeliet og tala heilt utan ma-

nuskript. Det vart kommentert av fleire og dei meinte at dette hadde vore ei flott julegudsteneste.

Presten tala om alle murane vi kjenner. Den i Betlehem, muren i Berlin, den påtenkte muren mellom USA og Mexico og om den kinesiske muren. Den muren som skil mellom menneska. Eg trur denne gudstenesta fekk vera med på å riva ned nokre murar mellom menneska som ynskte kvar andre ei God Jul i benkene. Det gir oss lyst til å ta fleire turar til kyrkja når klokkene ringjer inn. Og Jon fortalte kva englane sa då dei synte seg for Gjetarane: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.»



Ølen kulturhus 13. mai Søndagsskuleshow

Chris Duwe er stemma bak dokka Øystein.

Av Steinar Skartland etter tekst
innspel frå Anne-Lise

Øystein er namnet på ei dokke der **Chris Duwe er stemma bak. Dei vil komma for** å ha **søndagsskuleshow i Ølen kulturhus, laurdag 13. mai kl. 15:00.** Organisasjonen 'Ungdom i oppdrag' har gjeve ut fleire CD'ar for born. Desse vil lokale krefter dele med alle i Vindafjord.
- Det er dei lokale kyrkjelydane me ynskjer skal delta i dette, fortel Anne-Lise Brekke Lien som har fått god støtte frå Fellesutval for Trusopplæring i Vindafjord.

Ho fortel også at Ungdom i oppdrag ønsker at alle born i Noreg skal få læra om Gud som har skapt dei, og elskar dei, og seier vidare: - For å bli utvald til å få show må kristne i Vindafjord gå saman om å gi CD gāve og invitasjon til alle husstandar i Vindafjord. Det vil seia til omlag 2500 husstandar. Dette er ikkje reklame - men ei heilt gratis gāve og med invitasjon til husstanden.
- Eg har teke dette opp med kateketen som er positiv til prosjektet. Ho oppfordra meg til å be om støtte frå sokneråda, fortel Anne Lise. Ein sum frå kvart sokneråd er viktig for å komma i mål økonomisk.

Anne Lise besøkjer barnelag, skular og kor

- Tanken min er at eg kjem til å besøkja barnelag, kristne forsamlingar og aller helst skular for å skapa blest om arrangementet, og ikkje minst å levandegjera Norges historia frå Vikingtida til 1814, fortel Anne Lise. Ho har skrive av en-



Anne-Lise Brekke Lien

kelte songar og 17. mai fortellingar frå 'Øystein CD nr 4', til eit lite hefte som borna kan få med seg heim saman med CD'en. På søndagsskuleshowet 13. mai treng Chris fire born til å hjelpe til med bevegelsar og song på scenen. Kven dette blir vil ho komma tilbake til.

Anne Lise ynskjer å få fram 17. mai sin historie; med kristninga av Noreg; med kongar og vikingar, og Hans Nilsen Hauge som er sterkt representert på CD'en. «Kristninga av Norge og 17 mai» har fått med heile tre fortellingar/songar. Desse kan passa for alle, også i skulane.
- Chris Duwe er dyktig på å få historia spennande og engasjerande i ord og tonar, seier Anne Lise som gler seg til å utøva dette for borna i dei skulane som ønskjer tilbodet. Ho stiller opp på dugnad og med eit brennande engasjement for saka.

Kva vil dette kosta?

Søndagsskuleshowet og CD-gāva skal vera gratis for alle og dei lokale eldsjelene bak arrangementet får nok kostnadar med både dette og leiga til Ølen kulturhus og utsending av invitasjonane. Anne Lise Brekke Lien vonar derfor at det nokon som kan vera med å støtta prosjektet økonomisk, både sokneråd og andre.

Har du tid for evangeliet?

Anne Lise Brekke Lien er initiativtakar og leiar for prosjektet lokalt.
- Eg ønskjer å komma i kontakt med Vindafjordingar som har lyst og tid til å gi litt av si tid til å vera med å pakka konvoluttar, seier ho og ser for seg fem pakkekeldar i februar der dei kan pakka 500 kvar kveld. Oppfordringa hennar er at dei som har tid og lyst å vera vertskap for ein pakkekeld i si bygd, tar kontakt med henne på mobil 922 66 789.

- Når pakkinga er over blir det også bruk for vidare dugnadshjelp, der dugnadsgjengen får tildelt sitt område med postkassar. Dette bør då gå føre seg seinast i mars/april.

Anne Lise ønskjer å besøka kristne forsamlingar i bygdene

Der vil ho fortelja om prosjektet og syngja, både kjende songar og Anne Lise sine eigne og nokre frå Øystein-CD'en. - Eg vonar at vi, der eg er velkommen med song og gitar til kristne forsamlingar i Vindafjord, kan få ta opp ein kollekt til prosjektet, avsluttar Anne Lise Brekke Lien. Ho viser også til internett: www.anne-lise-brekke.net og websida: ellerstakk.no, om folk vil ha meir informasjon.

Kven er Gud?

Av Hanne Haraldseide Brekke



**Kven er Gud? Alle som har eit el-
ler anna forhold til Gud, har tankar
om korleis Gud er. Kva svar vi gir
på dette spørsmålet, kan variera.
Kvifor er det slik?**

Eit liv på jorda - i det ufullkomne

Vi lever på jorda, ein stad der vi har Gud sitt nærvær hjå oss, samstundes som at himmelriket ikkje er her på jorda. I bøna «Vår Far», ber vi «la ditt rike koma». Vi ynskjer at vi skal få sjå meir av Gud sin godheit og Gud sitt rike her på jorda, der vi lever i bryntinga mellom det gode og det onde.

Bibelen gir oss nøkkelen til å forstå Gud. Korleis Gud er, og kva relasjon Gud ynskjer å ha til oss menneske. I tillegg til bibelen, er forkynning, trendar i tida, våre gudsopplevelingar og forhold til andre nære medmenneske med på å prega biletet vi har av Gud. I mange tilfelle er det særleg forholdet til nære omsorgspersonar i oppveksten som er med på å prega vår oppfatning av korleis Gud er. Dette er med på å forklara at vi har ulike svar eller nyansar i vårt svar på kven Gud er.

Kvifor bør vi bli kjende med vårt eige biletet av Gud?

Lat oss berre slå det fast: Det er ikkje lett å vera menneske, anten ein er kristen eller ei. Mange opplever livet som ein lang kamp, der ein stadig må ut i ein ny omgang i ringen. Eit forvrengd biletet av Gud kan vera med på å leggja ein ekstra stein til børa, eller hindra ei god utvikling for einskildmenneske.

Mange lever livet utan å reflektera noko over sitt eige biletet av Gud. Sanninga er at vårt biletet av Gud pregar vårt forhold til Gud, til oss sjølv og andre. Dersom du skulle be, ville du til dømes be; kjære Gud, kjære Jesus eller kjære Far? Vender du deg til Gud på ulike måtar, alt etter korleis du har det? Eg har hørt nokre seie at dei ber «kjære Far» når dei har det bra, og at dei ber «kjære Jesus» når dei har det vondt og slit med livet. Forklaringa er at «eg ber til Jesus, for han har kjent kva lidning er».

Det kan være interessant å sjå på kva biletet vi har av Gud. Det biletet vi har av Gud pregar vårt kjensleliv, våre handlingar og haldningar til medmenneske. Dersom vi vaskar vårt biletet av Gud, blir det ofte lettare å ha ein sunn relasjon til Gud, seg sjølv og andre.

Typiske biletet av Gud, som ikkje stemmer med bibelen

Den strenge far. Då er ikkje Gud lenger nokon god far, men ein overvakaande politi, som vi må beskytta oss for. Det er ein Gud som straffer oss meir enn han viser nåde.

Den kritiske. Gud synes aldri at eg er god nok. Han vil bare minna meg om mine svakheter, manglar og synder. Det er utenkeleg at Gud kan gleda seg over meg.

Den kontrollerande. Eg må vera beferska og formulera meg rett når eg er i nærleiken av Gud.

Den arbeidande. Gud er bare interessaert i meg dersom eg arbeider med viktige oppgåver som misjon og

kristent arbeid. Gud er min arbeidsgjevar, og eg har bare kontakt med han som sjef og ikkje som far.

Den ubereknelege. Eg kan ikkje stola på Gud. Han kan bli sint og leia meg inn i vanskar som eg ikkje forstår kvifor han har leia meg inn i. Eg er redd for at hans ubereknelege sinne skal ramma meg.

Den fjerne. Gud er der oppe i himmelen. Eg merkar ikkje noko til hans kjærleik og omsorg.

Den skrøpelege. Det er mi oppgåve å forsvara og støtte Gud. Eg må sørga for at kyrkja ikkje går til grunne.

Den overberande. Gud overberande. Han godtar alt, sjølv om andre kristne seier «nej». Gud stiller ingen krav, og kallar oss aldri til omvending.


Den overbeskyttande. Gud er omsorgsfull og beskyttar meg mot alt vond, uansett. Dersom sjukdom eller ulukke rammar meg, kan eg ikkje lengre tru på han.

Den upersonlege. Gud er ei kraft som eg lever i takt med. Eg kan ikkje ha eit forhold til ein personleg Gud. Gud er bare ei kraft som strøymer gjennom meg.

Fleire av desse biletene av Gud kan det vera strevsamt å leva med, og mange kjem til samtale med til dømes prest for å få hjelp med slike tankar om korleis Gud er.

Vask ditt eige biletet av kven Gud er

Ta for deg tankane du har om Gud. Les i bibelen, og samtal med andre om dine tankar. Det kan vera vanskeleg å snu på steinar i eige liv. Nokre steinar kan vi få kasta frå oss langs vegen, medan andre kan vi ta med som verdfulle bidrag til vårt biletet av kven Gud er. Til slutt kan det passa å minna om at det er ingen som har sett Gud, og ingen kan seia at: «det er dette som er Gud»! Gud er alltid større og mykje meir enn vi trur.





Gullkonfirmantane i Vats

Gullkonfirmantane i Vats kyrkje 18. sept. 2016. 1. rekke: Else Marie Brynjelsen (f. Grindheim), Gerd Fagerheim (f. Alvseike), Hjørdis Torstveit (f. Bakkevold), Anne Torhild Hunsbedt (f. Eidhammar). 2. rekke: Helga Egge (f. Ohm), Ragnhild Olsen (f. Eikeland), Ingfrid Huse (f. Gule). 3. rekke: Prest Jon Ådnøy, Anna Hardtvedt (f. Røgenes), Haldis Einarsen (f. Nygård), Olaug Nyvoll (f. Hansen), Helga Synnøve Sørhus, Astrid Handeland (f. Indreland). 4. rekke: Reidar Sandvik, Olav Skrunes, Knut Strand, Jan Trygve Sørhus, Jon Martin Krakk, Egil Gregersen, Josef Eide, Lars Aaserød. Ikkje til stades: Gerd Berit Utbjolt (f. Langeland), Olaug Marta Fjellton (f. Krakk), Dagbjørg Skjerahaug (f. Jekteberg), Arvid Eike, Oddvar Gregersen, Arne Grindheim, Martin Ivar Aaserød og Magne langeland. Død: Arvid Dale.
Fotograf: Jon Olav Velde

Takk til kyrkjetenar Ingvald Eikje

Av kyrkjeverje Inghart Lasse Tveit

Etter 18 års teneste takkar Ingvald av som kyrkjetenar. Eigentleg har han vore pensjonist i fleire år, men har likevel halde fram med tenesta si i kyrkja.

Han starta som kyrkjetenar i Sandeid og var der nokre år - før han kom heim til Vats og etterfølgde Arvid Dale i stillinga som kyrkjetenar i Vats kyrkje i 2004. Ingvald har vore ein trufast medarbeidar som har møtt alle på ein lun, roleg og verdig måte - ikkje minst i møte med folk som kjem til kyrkja i både sorg og glede. Ingvald har på denne måten hatt ein viktig funksjon i bygdesamfunnet og

me takkar for den tenesta han har utført gjennom desse åra. Me ynskjer Ingvald alt godt for framtida og ber om Guds signing over han og familién hans.

Ein ny kyrkjetenar er på plass

Arild Urdal er tilsett som ny kyrkjetenar i Vats etter Ingvald Eike. Arild, som skulle vera godt kjend av dei fleste vatsbuar, er engasjert i ymse kyrkjelydsarbeid, såleis med frivillig teneste som klokkar og kyrkevert. Han er med i soknerådet og fellesrådet. Han har tidlegare drive gard i Blakrabygda, men er nå busett i Knapphusgrenda. Me ynskjer Arild velkommen som kyrkjetenar i Vats kyrkje og ynskjer Guds signing over arbeidet.



Redaksjonen tilføyer: Ingvald Eike sluttar som kyrkjetenar i Vats kyrkje nå ved nyttårskiftet. I høve dette fekk han på 1. juledags-gudstenesta ei symbolisk gåve av Grete Skeie Sørhus på vegne av soknerådet og kyrkjelyden i Vats. Han fekk ros for arbeidet han har gjort i åra som kyrkjetenar. Også i midnattsmessa som vart halden i Vats kyrkje ved overgangen til det nye året, vart Ingvald Eike kalla fram av sokneprest Harald Eintveit, som takka han for godt arbeid og teneste.

ARRANGEMENT OG KUNNGJERINGAR

60+ i Skjold. Treff på dagtid i Skjold kyrkje for dei frå 60 år og oppover.

Dei siste 5 åra har diaconiutvalet i Skjold arrangert desse treffa i kyrkjelydsalen i kyrkja. Me møtest den siste torsdagen i månaden kl.14:00 til 16:00. Dette er uformelle sosiale samvær med kaffi og vaflar, ei lita utloddning, songar, kanskje ein bordkonkurranse og andakt. På kvart møte har me og besøk av personar som kåserer over ulike tema: «Å reisa», «Å vera bestefar», «Inni hovudet på ein journalist», «Å vera positiv», «Rogalandsgarden i Kamerun», «Turen til Nepal», «Humor i kvardagen» og «Menneske med ei anna tru» er nokre av dei. Det møter frå 20 til vel 30 personar kvar gong. Og det er plass til mange fleire. Me har 6 til 7 treff kvart år. Dei 3 siste åra har me hatt dagstur i mai/juni. Det første møtet i 2017 var torsdag 26. januar der Finn Bårdsen tok føre seg temaet: Symbolikk og kunst i kyrkjene. Det neste blir 23. februar der Olav Skigelstrand kåserer over temaet: Og livsens småting så gilde... Om Matias Orheim, den blinde sjåaren. Velkommen til alle som finn dette interessant! Elin Frøyland, soknerådet.

Bygdakveld på Øvre Vats bedehus

Torsdag 23. februar kl. 19.00. Me får besøk av naturfotograf Ole Jakob Vorraa som vil kåsera og visa bilete om dyr- og plantelivet på Haugalandet. Han er godt kjend i bygdene våre, og har gitt ut fleire bøker med bilde frå vårt nærområde. Han har også laga TV-program med emne frå naturen. Me trur dette vil bli ein triveleg og lærerik kveld. Det blir ei matøkt, og litt anna program. Me avsluttar kvelden med Kveldstankar.



Sandeid bedehus

- 6.2. måndag 19:00 Bønnemøte
- 13.2. måndag 19:00 Bønnemøte
- 20.2. måndag 19:30 Fellessamling (taler: Kørner Høie)
- 27.2. måndag 19:00 Bønnemøte
- 2.3. torsdag 19:00 Sangkveld
- 6.3. måndag 19:00 Bønnemøte E144
- 13.3. måndag 19:00 Bønnemøte

RYFYLKE LIVSGNIST PRESENTERER JUBILEUMSSPELET



Luther med Latter

**Skjold kyrkje
Tysdag 21. februar
kl. 19.30**

I 1517 starta Martin Luther reformasjonen.
I 2017 presenterer Ryfylke Livsgnist eit skræblikk på 500 år i lutherske spor.

Historisk - humoristisk - musikalisk

Entré: 250 kr

VELKOMEN!



Arr: Ryfylke Livsgnist i samarbeid med kulturvalet i Skjold og Vikabygd

www.ryfylkelivsgnist.no



Teologi til folket!

I år 2017 er det reformasjonsmarkering. I det høvet inviterer VID Misjonshøgskolen i Stavanger til opne forelesningar for folket! Professor i kyrkjhistorie, Torstein Jørgensen, og professor i systematisk teologi, Knut Alfsvåg, tar oss gjennom reformasjonen i Tyskland for 500 år sidan og kva dette tyder for oss i dag. Det er ikkje nødvendig med påmelding og forelesingane er gratis.



Velkomne til Aulaen, VID Misjonshøgskolen, Stavanger, kl.18:00-20:00!

- 15.2. Luther og reformasjonen i Tyskland
- 22.2. Den lutherske kyrkja si identitet i ein økumenisk kontekst
- 8.3. Frå dåp til vekst i troens verden
- 15.3. Finnes det ein luthersk spiritualitet?
- 22.3. Luthersk samfunns- og kultukritikk
- 29.3. Luthersk preike og aktuell preikepraksis

NB! For dei som ønskjer å ta 10 studiepoeng i emnet 'Reformatorisk teologi' på mastergrads nivå.

www.vid.no/studier

- 20.3. måndag 19:30 Fellessamling (taler: Eirik Stople)
- 27.3. måndag 19:00 Bønnemøte
- 1.4. laurdag 11:00 Fellessamling (Talar: John Birger Wold) m. Barnevelsignelse
- 3.4. måndag 19:00 Bønnemøte
- 10.4. måndag 19:00 Bønnemøte

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ [LVS.NO](#)



Vi er en del av



Vi er en del av



Knaphus 
Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knaphus 
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 
SR-BANK 1

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller
ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

 **Ølen Blomster**

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap

og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

STELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:
93 21 66 79 / 52 75 88 60



FRÅ KYRKJEBOKA

BJOA

Ingen hendelser.

IMSLAND

Døde:

19.12.16 Berit Svandal f.1928

ØLEN

Døde:

13.12.16 Astrid Drange f.1928

Døpte:

15.01.17 Martin Horne Hjelmtveit
15.01.17 Sindre Erland Heggebø

SANDEID

Døde:

21.11.16 Rasmus Lærdal f. 1940

Døpte:

18.12.16 Ella Apeland Ørnes

18.12.16 Peder Vestbø

18.12.16 Elise Karin Simlenes Johnsen

SKJOLD

Døde:

06.12.16 Karin Haugen f. 1939

Døpte:

22.01.17 Jenny Frøyland Halleland

22.01.17 Lisa Meland

VATS

Døde:

24.12.16 Jan Frøland f.1936

Døpte:

08.01.17 Maja Apeland Haugen

VIKEBYGD

Døde:

25.11.16 Gerd Meling Kleppe f. 1942

VIKEDAL

Døde:

06.12.16 Leif Reimers Flydal f. 1920

20.12.16 Johannes Cruys Magnus f. 1932

07.01.17 Bertha Frøland f. 1932

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kl.	Kyrkje	Info
05. feb. 5. s.i openb.tida Markus 2, 1 - 12	11.00	Imsland	Høgmesse.Dåp.Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
	17.00	Skjold	G-17-gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Søndagsskulekretsen.
	11.00	Ølen	Gudsteneste med nattverd. Takkoffer til trusopplæring i Vindafjord
12. feb. Såmannssøndag Lukas 8, 4 - 15	11.00	Sandeid	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Det norske Bibelselskapet.
	11.00	Vats	Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Norea mediemisjon.
	17.00	Vikebygd	Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Normisjon.
19. feb. Bots- og bønedag Luk 15, 11 – 32	11.00	Vikedal	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til diakoniarbeidet. Årsmøte/Kyrkjekaffi.
	11.00	Skjold	Høgmesse.. Nattverd. Takkoffer til Sjømannskirken.
	19.00	Ølen	Høgmesse. Nattverd.Takkoffer til Norea radio
26. feb. Fastelavnssøndag 1 kor. 13, 1 - 7	11.00	Imsland	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Norsk Gideon. Årsmøte.
	11.00	Vats	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Norsk Gideon.
05. mars. 1. søndag i faste Matt 4, 1 - 11	11.00	Sandeid	Høgmesse. Nattverd. Takkoffer.
	11.00	Bjoa	Høgmesse. Nattverd.
	17.00	Skjold	Takkoffer Trusopplæring Vindafjord. G-17 gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til G-17 arbeidet.
12. mars	16.00	Vikedal	Familiemesse. Nattverd. Takkoffer til Kirkens Bymisjon, Haugesund.
	11.00	Vikebygd	Familiegudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Misjonsprosjektet Stefanusbarna.
	11.00	Ølen	Familiegudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Misjonsprosjektet
19. mars 3. søndag. i faste. Luk 11, 14 - 28	11.00	Imsland	Familiemesse. Nattverd. Takkoffer til lokal trusopplæring.
	11.00	Vats	Familiegudsteneste. Nattverd Takkoffer til søndagsskulekrinsen.
26. mars. Maria bodskapsdag Luk 1, 26 - 38	11.00	Sandeid	Familiemesse. Nattverd. Takkoffer.
	11.00	Skjold	Familiegudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Misjonsalliansen.
	18.00	Ølen	Ung messe. Nattverd. Takkoffer til KFUK/KFUKM speiderne
31. mars.	18.00	Vats	Samtalegudsteneste.
2. april. 4. søndag i fastetida Johs 11, 45 – 53	11.00	Eintveit	Familiegudsteneste.
	11.00	Bjoa	Takkoffer til konfirmantarbeidet. Kyrkjekaffi.
	17.00	Vats	Familiegudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Det Norske Misjonselskap Familiegudsteneste. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

MØTER OG KUNNGJERINGER

Vågen bedehus

5.2.	søndag	10:00	Søndagskulefrokost
5.2.	søndag	18:00	Årsmøte for bedehuset, Talar Gustav L.Fosse
8.2.	onsdag	19.30	Bønnemøte
12.2.	søndag	11.00	Søndagsmøte, Talar: Jonas Bergem
14.2.	tirsdag	17.30	Jentelaget og gutelaget
14.2.	tirsdag	19.30	Møte, NLM Talar: Inge Sirevåg
15.2.	onsdag	19.30	Møte, NLM Talar: Inge Sirevåg
15.2.	onsdag	19.30	Bønnemøte
16.2.	torsdag	19.30	Møte, NLM Talar: Inge Sirevåg

17.2.	fredag	19.30	Møte, NLM Talar: Inge Sirevåg
18.2.	lørdag	18.00	Generasjonssamling, NLM
19.2.	søndag	11.00	Talar: Inge Sirevåg
19.2.	søndag	19.30	Søndagsskule
22.2.	onsdag	19.30	Søndagsmøte, NLM Talar: Inge Sirevåg
26.2.	søndag	13.00	Basar, Sjømannskirken
1.3.	onsdag	19.30	Søndags-aktiviteten
5.3.	søndag	11.00	Bønnemøte
5.3.	søndag	19.30	Søndagsmøte, "Tirsdagsklubben"
8.3.	onsdag	19.30	Bønnemøte

MØTER OG KUNNGJERINGAR

12.3.	søndag	11.00	Søndagsmøte, NLM Enig og tro
14.3.	tirsdag	17.30	Jentelaget og gutelaget
15.3.	onsdag	19.30	Basar, IMS
16.3.	torsdag	19.30	Møte, IMS Talar: Leiv Nesheim
17.3.	fredag	19.30	Møte, IMS Talar: Leiv Nesheim
18.3.	lørdag	18.00	Generasjonssamling, IMS Talar: Leiv Nesheim
19.3.	søndag	11.00	Søndagsskule
19.3.	søndag	19.30	Søndagsmøte, IMS Talar: Leiv Nesheim
22.3.	onsdag	19.30	Bønnemøte
26.3.	søndag	11.00	Søndagsmøte, NLM
28.3.	tirsdag	17.30	Jentelaget og gutelaget
29.3.	onsdag	19.30	Bønnemøte
2.4.	søndag	11.00	Søndagsskule
2.4.	søndag	19.30	Søndagsmøte,
4.4.	tirsdag	19.00	Gutelagsbasar, NLM
5.4.	onsdag	19.30	Bønnemøte
9.4.	søndag	11.00	Søndagsmøte,

Vikedal

Klubbkveldar i bedehuskjellaren

2.2.	torsdag	18:00-20:00	Klubbkveld 5.-7. klasse
3.2.	fredag	19:00-23:00	Klubbkveld 8.-10- klasse
16.2.	torsdag	18:00-20:00	Klubbkveld 5.-7. klasse
17.2.	fredag	19:00-23:00	Klubbkveld 8.-10- klasse
9.3.	torsdag	18:00-20:00	Klubbkveld 5.-7. klasse
10.3.	fredag	19:00-23:00	Klubbkveld 8.-10- klasse
23.3.	torsdag	18:00-20:00	Klubbkveld 5.-7. klasse
24.3.	fredag	19:00-23:00	Klubbkveld 8.-10- klasse

Bedehusa i Vats

8.2.	onsdag	Møte v/NLM, Øvre Vats bedehus
15.2.	onsdag	Møte v/NMS, Blikrabygda bedehus
16.2.	torsdag	19:30 Årsmøte for Øvre Vats bedehus
22.2.	onsdag	Møte v/Normalmisjon, Kårhus bedehus
23.2.	torsdag	19:00 Bygdakveld , Øvre Vats bedehus
1.3.	onsdag	Møte v/Flymisjonen, Øvre Vats bedehus
8.3.	onsdag	Møte v/Samemisjonen, Blikrabygda bedehus
10.-12.3.	Fr. Lø. Sø.	Møter v/NLM, Kårhus bedehus
15.3.	onsdag	Nøte v/Samemisjonen, Kårhus bedehus
16.3.	torsdag	20:00 Påfyll (Bønnemøte kl 19:30)
22.3.	onsdag	Møte v/Indre Sjø., Øvre Vats bedehus
29.3.	onsdag	Møte v/Kr. Muslimmisjon, Blikrabygda
27.4.	torsdag	20:00 Påfyll (Bønnemøte kl 19:30)
1.6.	torsdag	20:00 Påfyll (Bønnemøte kl 19:30)

FamilieKRIK

17.-19. februar:	Weekend for familiær på Gulling	
12.3.	søndag	16:00 FamilieKRIK i Skjold Arena
2.4.	søndag	16:00 FamilieKRIK i Skjold Arena
14.5.	søndag	16:00 FamilieKRIK i Skjold Arena
10.-11. juni	Telttur	

60+ Skjold

(Sjå info side 8)
23.2. tirsdag 14:00 Kåseri v/Olav Skigelstrand

Kyrkjjetunet i Ølen

Bønnesamling kvar onsdag kl. 19:30 dei dagar det ikkje er anna arr. Innvandrarsamling kvar Torsdag kl. 17:30.
2.2. torsdag 11:00 Torsdagstreff
10.2. fredag 17:00 Korøving «Kids of Joy»
10.2. fredag 18:00 Klubb
12.2. søndag 11:00 Showit
14.2. tirsdag 19:30 Møte NLM
17.2. fredag 19:30 Bønne- og Lovsangskveld
23.2. torsdag 19:00 Årsmøte Kyrkjjetunet
2.3. torsdag 11:00 Torsdagstreff
10.3. fredag 17:00 Korøving «Kids of Joy»
10.3. fredag 18:00 Klubb
12.3. søndag 19:30 Søndagsmøte IMS v/Marit Hårklaup Ådnanes
16.3. torsdag 19:30 Fellesforum
17.3. fredag 19:30 Bønne- og Lovsangsmøte
24.3. fredag 17:00 Korøving «Kids of Joy»
24.3. fredag 18:00 Klubb
26.3. søndag 11:00 Showit
31.3. fredag 18:00 Vårbasar ??
3.4. mandag 19:30 Misjonsforum
6.4. torsdag 11:00 Torsdagstreff
6.4. torsdag 19:30 Song/salmekveld v/Eivind Skeie
7.4. fredag 19:30 Bønne- og Lovsangskveld

Forbehold om endringar - sjå www.kyrkjjetunet.no

Vikebygd bedehus

9.2. torsdag 19:30 Gladsong
23.2. torsdag 19:30 Møte med IMS v/Kåre Johan Hamre
10.3. fredag Basar og årsmøte for bedehuset
30.3. torsdag 19:30 Gladsong
20.4. torsdag 19:30 Møte
11.5. torsdag 19:30 Møte med Normisjon v/Modgunn Brynjelsen

Innbjoa bedehus

8.2. onsdag 17:30 Mini-Credo (-19:00)
8.2. onsdag 19:30 Onsdagsmøte
15.2. onsdag 19:30 Bønnemøte
16.2. torsdag 10:30 Føremiddagstreff
19.2. torsdag 17:00 Familiemøte
22.2. onsdag 17:30 Mini-Credo (-19:00)
22.2. onsdag 19:30 Årsmøte
1.3. onsdag 19:30 Bønnemøte
5.3. søndag Gudsteneste i Bjoa kyrkje
8.3. onsdag 17:30 Mini-Credo (-19:00)
8.3. onsdag 19:30 Onsdagsmøte
15.-19.3. ons.-søndag Møteveke ved Georg Kallevåg
16.3. torsdag 10:30 Føremiddagstreff
19.3. søndag 17:00? Familiemøte
22.3. onsdag 17:30 Mini-Credo (-19:00)
22.3. onsdag 19:30 Onsdagsmøte (Gideon)
29.3. onsdag 19:30 Bønnemøte
2.4. søndag Gudsteneste i Bjoa kyrkje
5.4. onsdag 17:30 Mini-Credo (-19:00)
5.4. onsdag 19:30 Onsdagsmøte



JUL PÅ LANDET

Av Else Gurine Stople

Laurdag 10. desember arrangerte sundagsskulekrinsen i samarbeid med familiane Haugen og Stople, «Jul på landet» i Austreimsbygda.

Gardane var rydda og klargjort for besøk og spenninga var stor då bilane byrja å rulla inn på gardstuna.

På programmet stod sundagsskulesamling i reiskapshuset, sal av graut

på fjosloftet, grilling av marshmallows, servering av bålkaffi og lappar, og juleverkstad. I tillegg kunne ein prøvesitja store og små traktorar, hoppa i høyet på låven, eller sjå på og klappa store og små dyr. Frå panorama-vindauge på fjosloftet er det god utsikt ned til mjølkekryrne. Her vart mange, både ungar og vaksne, ståande vel og lenge og studera.

Svært mange fekk med seg sundagsskulesamlinga med song, ten-

Luther jubileum i kyrkja

(Kjelde: kirken.no) Det er gått 500 år er gått sidan Martin Luther slo opp sine 95 tesar på døra til slottskyrkja i Wittenberg i 1517. Ei hending som forandra verda og kyrkja. Hovudtema for reformasjonsmarkeringa i Noreg i 2017 er "Nåde". Dette blir konkretisert ved tre undertema: "Frelsa er ikkje til sals", "Menneske er ikkje til sals" og "Skaparverket er ikkje til sals".

Kjernen i reformasjonen er at menneske blir rettferdige for Gud eine

og aleine på grunn av Guds nåde, slik den blir gjeve oss gjennom Jesus Kristus, Bibelen og trua. Den som har teke imot Guds nåde, er fri til å elsa og tena sin neste, fri til å leva som eit ansvarleg menneske i samfunnet, og fri til å vera ein god forvaltar av skaparverket.

«Nåden trengs i eit velferdssamfunn som vårt med så stor vekt på økonomi, vekst og vellykkethet. Når dette blir det viktigaste i samfunnet, får vi ikkje plass til den flyktingen

ning av adventslys, bibelforteljing og testing av fysiske eksperiment. Gulliver – sundagsskulen sin eigen mas-kot, var også sjølv sagt med.

På juleverkstaden kunne ein lage englar, fuglenek og juledekorasjonar.

Alle «stasjonane» var godt besøkt heile tida. Folk prata, smilte og lo så det var tydeleg at dei trivst. Totalt ca. 500 stk frå heile sundagsskulekrinsen koste seg ilag på gardsbesøk denne laurdagen i desember.

Jens Tveit 80 år

Av Trygve Sandvik, Øvre Vats

Hyrdingen har fått kjennskap til at tidlegare lærar og rektor, Jens Tveit i Vikebygd, fyller 80 år den 27. februar d.å. Jens Tveit er ein vel kjend mann her i distriktet, og han har engasjert seg på mange felt opp gjennom livet, utanom arbeidet. Jens har vore speidarleiar i mange år i Etne, han har vore og er, ein etterspurd forkynnar. Han har vore bedehusformann, lek gudstenesteleiar, skribent (mellom anna "Helgetankar" i Grannar),



politkar og soknerådsmedlem i fleire periodar. Det fer for vide å rekna opp alt Jens har gjort for andre i denne spalten, men mykje er det, og mange

har hatt glede av det Jens har formidla.

For oss i redaksjonen vil me først og fremst trekka fram det gode arbeidet han har gjort som medlem av redaksjonsnemnda i ca. 10 år. Jens har skrive mange portrett og artiklar i bladet, og han har vore ein solid støttespilar ved utgjevinga av bladet. Redaksjonen i Hyrdingen vil nytta dette høvet til å takka for innsatsen i desse åra. Me vil gratulera med 80 – års dagen og ønskja han lukke til vidare.

Andaktstelefonen
380 91 700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten er gratis

Korleis har du det... **EIGENTLEG?**

Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no

SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 6. april.
Frist for levering av stoff er 11. mars.